



KLUBBVEDTEKTENE



§ 1. Klubben har namnet **KØYRETØY HISTORISK KLUBB VOSS**

§ 2. **Føremålet med klubben er:**

- Restaurere og ta vare på motorkøyrety av teknisk / historisk interesse.
- Sikre historisk og teknisk litteratur og data om slike køyrety.
- Arbeide for auka interesse og kunnskap om slike køyrety.
- Lette og stimulere det praktiske restaureringsarbeidet for den einskulde, arrangere laup, utstillingar og turar. Halde medlemsmøte med aktuelle klubbsaker og med stor vekt på det sosiale samværet medlemmene i mellom.

§ 3. **Alle med interesse og vilje til å delta i aktivitetar nemnde i § 2, kan verte medlemmer.** Innmeldingar skal leggjast fram for styret til godkjenning. Styret kan ekskludere eit medlem for graverande brot på klubben sine interesser. Denne har høve til å prøve eksklusjonen for årsmøtet.

§ 4. **Klubben skal ha eit styre på fem personar:**

- Formann
- Nestformann
- Sekretær
- Kasserar
- Styremedlem

Dessutan skal det veljast to vararepresentantar til styret. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer / vararepresentantar er til stades. I styret gjeld vanlege fleirtalsavgjerder. Kvart styremedlem har ei stemme, og ved likt stemmetal gjer stemma til formannen utslaget.

Styret kan oppnemna komitear og vedta å setje i gang alt som ikkje etter vedtektene er tillagt årsmøtet å vedta. Formann og styre står for den daglege drifta av klubben, og kallar inn til årsmøte.

§ 5. **Årsmøtet er øvste organ i klubben og avgjerder her kan ikkje ankast.**

Ordinært årsmøte vert halde ein gong i året i januar / februar månad. Framlegg til saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende seinast 3 veker før årsmøtedatoen. Omframt årsmøte vert kalla inn med 14 dagars varsel om styret finn grunn til det, eller når minst $\frac{1}{4}$ av medlemmene krev det.

§ 6. **Køyretøy Historisk Klubb Voss er ein frittstående organisasjon.**

§ 7. **Rekneskap for klubben skal leggjast fram for årsmøtet i revidert stand.** Revisor vert vald av årsmøtet for eitt år om gongen. Medlemmene har til eikvar tid høve til å sjå rekneskap og protokoll for klubbarbeidet.

§ 8. **Årsmøtet kan oppløyse klubben, men då med 2/3 fleirtal.** Det årsmøtet som avgjer dette, avgjer også med vanleg fleirtal kva som skal hende med eiga til klubben.

§ 9. **Berre årsmøtet kan endre vedtektene for klubben, og då med 2/3 fleirtal.**